


# Detaljplan for miljø og landskap

ved bygging av

**Gravdal kraftverk**

*Sunnfjord kommune*

*Vestland fylke*



|                                                         |    |
|---------------------------------------------------------|----|
| Revisjonshistorikk .....                                | 2  |
| 1 Innleiing .....                                       | 3  |
| 1.1 Om anleggseigar .....                               | 3  |
| 1.2 Om anlegget .....                                   | 4  |
| 1.3 Flaum- og skredfare .....                           | 6  |
| 1.4 Forholdet til andre myndigheiter .....              | 6  |
| 1.5 Framdriftsplan .....                                | 7  |
| 2 Beskrivelse av tiltaket .....                         | 8  |
| 2.1 Styrande føresetnader i konsesjonen .....           | 8  |
| 2.2 Problemområde og avbøtande tiltak .....             | 8  |
| 2.3 Arealbruksplan .....                                | 9  |
| 2.4 Anleggsdeler .....                                  | 10 |
| 3 IK-vassdrag .....                                     | 17 |
| 4 Referansar .....                                      | 17 |
| 5 Vedlegg .....                                         | 17 |
| 5.1 Oversiktskart .....                                 | 18 |
| 5.2 Fotografi av berørte område og illustrasjonar ..... | 19 |
| 5.3 Oversikt over grunneigarar: .....                   | 20 |
| 5.4 Stadfesting frå BKK Nett AS om nettkapasitet .....  | 21 |
| 5.5 Utrekning av kapasitet for minstevassføring .....   | 22 |
| 5.6 Vedtak om dispensasjon frå LNF-område .....         | 24 |
| 5.7 Opplysningsskilt for minstevassføring .....         | 25 |
| 5.8 Teikningsliste og teikningar .....                  | 26 |

## Revisjonshistorikk

| Revisjon | Forklaring                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |
|----------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 0        | Ny.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |
| A        | Revidert inkurie i tabell 1, anleggsperiode. Oppdatert referanse i kapittel 2.1. Betre beskrivelse av måling av minstevassføring, kapittel 2.4.6. Laga skilt for minstevassføring for dam Tverrelva og dam i Ytre Gravdalsgjelet. Laga ny teikning (116-4) med erosjonssikring ved kraftstasjon og revidert teikning 102 med utbredelse av rensking av elveløpet ved kraftstasjonen. Lagt til beskrivelse av planlagt grunnundersøking for kartlegging av grunnforhold ved kraftstasjonen, kapittel 2.4.7. Endringar er merka med lilla skrift. |

## 1 Innleiing

Gravdal Kraft SUS planlegg bygging av Gravdal kraftverk. Kraftverket vil utnytte fallet i Tverrelva frå inntaket på kote +250,0 til kraftstasjonen med utløp i elva på kote +2,5. I tillegg vil vatn overførast frå Ytre Gravdalsgjelet på kote +285,0 til utløp i Tverrelva på kote +256,0. Tiltaksområdet ligg i Sunnfjord kommune i Vestland innst i Førdefjorden. Kraftverket får installert effekt på 2,1 MW, slukeevne 1,0 m<sup>3</sup>/s og ein estimert årsproduksjon på 6,2 GWh.

### 1.1 Om anleggseigar

Tiltakshavar og namn på tiltaket, adresser og kontaktinformasjon:

*Tiltak:* Gravdal kraftverk, Sunnfjord kommune, Vestland fylke

*Konsesjon:* OED ref. 12/718, datert 11.06.2015

*Vassdrag:* 084.621

*Tiltakshavar:* Gravdal Kraft SUS  
Adresse: C/o Magne Hafstad AS Hafstadvegen 72  
6800 Førde  
Org.nr.: -  
E-post: [magne@magnehafstad.no](mailto:magne@magnehafstad.no)

*Kontaktperson/prosjektleder:* Odd Rune Håland  
Tlf.: 97 60 41 09  
E-post: [post@fjordanetekniske.no](mailto:post@fjordanetekniske.no)

*Byggeleder:* Odd Rune Håland  
Tlf.: 97 60 41 09  
E-post: [post@fjordanetekniske.no](mailto:post@fjordanetekniske.no)

*Rådgjevar:* Bystøl AS  
Adresse: Tomtebu 2  
6893 Vik i Sogn  
Kontaktperson: Svein Arne Drægri  
Tlf.: 97 15 22 23  
E-post: [svein@bystol.no](mailto:svein@bystol.no)

Det er enno ikkje etablert organisasjon for driftsfase.

NVE har i vedtak /2/ plassert dam i konsekvensklasse 0 og vassveg i konsekvensklasse 2 i høve Damsikkerhetsforskrifta.

## 1.2 Om anlegget

Tabell 1. Grunnlagsdata for anlegget.

| Tema              | NVE/OED vedtak                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | Endringer                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
|-------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Anleggsperiode    | Det skal i samråd med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (no Fylkesmannen i Vestland) gjennomførast registrering for å avklare eventuell hekkelokalitet for hubro innanfor influensområdet for Gravdal kraftverk det inneverande året for anleggsarbeid. Dersom det viser seg at ein hekkelokalitet er i bruk i influensområdet skal anleggsperioden leggjast utanom perioden 1. januar til 31. juli. | Ingen endring – Kommentar: Dersom det blir registrert hekkelokalitet i bruk vil anleggsperioden bli lagt utanfor perioden 1. januar til 31. juli i den delen av anleggsområdet som påverkar hekkelokaliteten til hubroen. Tiltak vil bli utført i samråd med ornitolog og Fylkesmannen i Vestland. |
| Inntak            | Slik som oppgjeve i søknad.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        | Ingen endring                                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| Vassvegar         | Nedgravne rør slik som oppgjeve i søknad.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          | Ingen endring                                                                                                                                                                                                                                                                                      |
|                   | Rørtraseane skal tilpassast terrenget på best mogleg måte.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         | Ingen endring                                                                                                                                                                                                                                                                                      |
|                   | Lokaliteten med rik edellauvskog på Kyrkjebø skal ikkje råkast.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    | Ingen endring                                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| Kraftstasjon      | Kraftstasjonen skal passerast oppstraums utløpsområdet i nedre del slik at kraftverksutløpet kan fordelast i begge elveløpa og slik at innsynet frå fjorden blir avgrensa.                                                                                                                                                                                                                         | Ingen endring                                                                                                                                                                                                                                                                                      |
|                   | Det skal leggjast vekt på støyreducerande tiltak                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   | Ingen endring                                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| Største slukevne  | 1000 l/s                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           | Ingen endring                                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| Installert effekt | 2 MW                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               | Ingen endring – Kommentar: Etter berekning utført av elektromekanisk leverandør vil installert effekt bli 2,1 MW                                                                                                                                                                                   |

| Tema  | NVE/OED vedtak                                                                                                                                                                                                                   | Endringer                                                                                                                                                                                                                                             |
|-------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Vegar | <p data-bbox="483 271 895 338">Opprusting av eksisterande veg til kraftstasjonen.</p> <p data-bbox="483 383 979 495">Midlertidig anleggsveg langs overføringstraseen til Gravidalsgjelet skal tilbakeførast etter utbygging.</p> | <p data-bbox="1010 271 1182 300">Ingen endring</p> <p data-bbox="1010 383 1369 584">Ingen endring – Kommentar: Terrenget vil bli tilbakeført som køyresterkt terreng for å sikre tilkomst for å kunne utføre tilsyn og vedlikehold i driftsfasen.</p> |

### 1.3 Flaum- og skredfare

**Flaum:** Flaumane i vassdraget skuldast hovudsakleg store nedbørsmengder kombinert med smeltevatn. Langs elva i Ytre Gravdalsgjelet er det i tiltaksområdet merka med «flom, aktsomheitsområde» på NVE flaumsonekart. Kraftstasjonen er planlagt på ei elveøy. I øvre del av denne ligg det grove elveavsetningar (blokker). For å sikre god flaumavledning vil elveløpet bli renska og plastra frå utløpet frå gjelet og ned til utløpskanalen for kraftstasjonen. OK golv i kraftstasjon er planlagt på kote +5,0. Plastring og oppfylling mellom elva og konstruksjonen vil beskytte den mot flaumar. Deler av kraftstasjonen som ligg under flaumnivå i elva vil bli bygde med vasstette støypeskøytar. Kraftstasjonen vil bli dimensjonert for flaumar med gjentaksinterval på 200 år. Det er lagt til 20% klimapåslag i berekningane. Dammar og inntak er også dimensjonert for flaumar med 200 års gjentaksinterval. I byggefasen vil det vera fokus på flaumfare overfor entreprenør.

I driftsfasen er flaumfaren i inntaka vurdert som liten. Konstruksjonane er fundamenterte på fjell og det er fokusert på god flaumavledningsevne. I driftsfasen vil det difor vera liten risiko for flaumskadar på konstruksjonane nær elva.

**Skred:** NVE sine «kart for aktsomhetsområder» syner at kraftstasjon ligg i område som kan vera utsett for jord- og flaumskred. I samband med faresonekartlegging i Førde kommune – NVE ekstern rapport nr. 50/2019 er skredfaren vurdert mellom Ulltangevika til Kyrkjeteigvika. Utløpet frå elva i Gravdalsgjelet er ikkje med i denne kartlegginga, men vi finn vurderingane for Kyrkjeteigvika relevante for skredfarevurdering ved kraftstasjonen. Utan tiltak ligg området for kraftstasjonen i faresone 1/100. Ein kraftstasjon vurderer vi til å ligge i sikkerheitsklasse S2 – Den skal dermed ikkje kunne bli råka av skred oftare enn eit skred pr. 1000 år (1/1000). Som omtalt over vil området mellom utløpet frå gjelet og ned til utløpskanalen blir sikra ved hjelp av rensking i elva og plastring av elvekanten. Ved å utføre sikring mot elva vurderer vi at sannsynet for at eit flaum, jord- og flaumskred kan råke kraftstasjonen til å vera mindre enn eit skred pr. 1000 år.

### 1.4 Forholdet til andre myndigheiter

#### 1.4.1 Kommuneplan

Heile tiltaksområdet med unntak av 100 meter av røyrgatetraseen ligg i LNFR-område i kommuneplanen sin arealdel. Røyrgatetraseen mellom pel 180-280 ligg i område merka med «spredt boligbebyggelse» i kommuneplanen sin arealdel. Søknad om dispensasjon for bygging i LNFR-område er sendt Sunnfjord kommune.

#### 1.4.2 Verna område

Tiltaket råkar ikkje verna område eller regionale verneplanar.

#### Nasjonale laksevassdrag:

Tiltaket råkar ikkje nasjonale laksevassdrag.

#### 1.4.3 Kulturminne

Det er påpeikt i vedtaket frå OED at utbyggjar skal ta kontakt med fylkeskommunen for å avklare forholdet til kulturminnelova §9. Utbyggjar har vore i kontakt med Vestland fylkeskommune. Det er utført synfaring nede ved sjøen og opp til pel 250, utan å gjere funn. Resterande del av tiltaksområdet vil bli undersøkt når det blir snø- og telefritt, i løpet av våren 2023.

Dersom det i samband med utbygginga skulle framkome automatisk freda kulturminne vil ein visa aktsemd og melde frå jfr. Kulturminnelova §8, 2. ledd.

#### 1.4.4 Forureiningslova

Mykje anleggsarbeid vil føregå i og nær elv. Det vil bli lagt vekt på å gjennomføre anleggsarbeid i elva i periodar med lite vassføring.

Tankanlegg for drivstoff vert etablert ved riggområda. Det skal nyttast spillsikre tankar. Det skal vera absorbentar tilgjengeleg på riggområder og i maskiner på dei ulike anleggsområda.

Sprenging skal føregår tildekka. Det skal ikkje vera synleg sprengstein i terrenget etter oppussing. Skog som står inntil område for sprenging skal ikkje blir påført skade.

### 1.5 Framdriftsplan

- |                                    |                            |
|------------------------------------|----------------------------|
| • Tilrigging og førebuande arbeid: | April 2023                 |
| • Oppstart byggearbeid:            | Mai 2023                   |
| • Betongarbeid:                    | Juni 2023 – September 2023 |
| • Røyrlegging:                     | Juni 2023 – August 2023    |
| • Elektromekanisk:                 | Oktober 2023 - Januar 2024 |
| • Ferdigstilling/driftsetting:     | Oktober 2024               |
| • Terrengoppussing:                | November 2024              |

## 2 Beskrivelse av tiltaket

Tiltaket ligg i Sunnfjord kommune i Vestland innst i Førdefjorden. Kraftverket er planlagt med kraftstasjon på elveøyra mellom Gravdalsøyra og Kyrkjeteigvika. Her renn elva frå Ytre Gravdalgsjelet ut i Førdefjorden. Kraftverket vil utnytte fallet frå kote +250,0 til kote +4,3. Kraftverket får installert effekt på 2,1 MW, slukeevne 1,0 m<sup>3</sup>/s og ein estimert årsproduksjon på 6,2 GWh. Anlegget består av kraftstasjon, røyrgate, dam og hovudinntak i Tverrelva. Vassvegen mellom kraftstasjonen og hovudinntaket blir 1055 meter lang og den blir greven ned i heile lengda. I tillegg skal vatn frå Ytre Gravdalsgjelet og ein liten sidebekk overførast til Tverrelva. Overføringsrøyret blir 890 meter + 55 meter langt og det blir greve ned i heile lengda.

### 2.1 Styrande føresetnader i konsesjonen

I OED sitt vedtak /1/ er følgjande vilkår kommentert:

- Vasslepp:  
Det er krav om minstevassføring 50 l/s i perioden 1/5-30/9 (sommaren) og 40 l/s resten av året. Minstevassføringa skal fordelast likt mellom Ytre Gravdalsgjelet og Tverrelva. Kravet til minstevassføring skal gjerast kjent for allmenta og vera synleg/etterprøvbar. Detaljar kring minstevassføring er gjeve i avsnitt 2.4.6.

### 2.2 Problemområde og avbøtande tiltak

Følgjande området er vurdert til å vere problemområde utover det som er nemnt under styrande føresetnader ovanfor:

I samband forprosjekt og fleire synfaringar i området er følgjande problem- og risikoområde identifiserte i prosjektet:

1. Avklaringar av eventuell hekkelokalitet for hubro innanfor influensområdet til kraftverket  
I sin klage datert 25.01.2012 skriv Gravdal Kraft SUS ved Arne Gravdal at det ikkje er registrert hubrorop i tiltaksområdet. Ropa er registrert i Gravdalsgjelet som er dalføret aust for tiltaksområdet. I vedtaket sitt legg OED vekt på at omsynet til eventuell hubro i anleggsområdet må takast i vare ut frå eit føre-var perspektiv.

Avbøtande tiltak: Det skal utførast registrering av hubro før oppstart av anleggsarbeidet. Registreringar vil bli utført etter same lest som arbeidet utført i 2010. Arbeidet vil bli utført av ornitolog Ole Kristian Spikkeland. Ved observasjonar av hubro vil tiltak bli sette i verk i samrådet med ornitolog og Fylkesmannen i Vestland. Tiltak vil vera avgrensing av anleggsaktiviteten i deler av anleggsområdet i hekkesesongen til hubroen.

2. Plassering av kraftstasjonen som fører til innsyn frå fjorden  
OED legg vekt på at kraftstasjonen skal plasserast slik at utløpsvatn kan fordelast i begge dei to elveløpa i nedre del av elveøyra og slik at innsynet frå fjorden blir begrensa.

Avbøtande tiltak: Kraftstasjonen er plassert med utløpskanal slik at avløpsvatnet blir fordelt i dei to elveløpa. For å hindre innsyn frå fjorden er det sett av areal mellom parkering og sjøen slik at tre ikkje treng å ryddast i samband med anleggsarbeidet. Dersom tre blir påført skade vil det bli planta nye tre som vil hindre innsyn frå fjorden.

3. Bratt terreng i nedre del av røyrgate, mellom bend 1 og bend 2:

Terrenget mellom bend 1 og 2 har helling 25-28 grader langs røyret. Avstanden mellom dei to benda er 55 meter. Bratt terreng og djup grøft gjer det utfordrande å plassere massar langs traseen.

Avbøtande tiltak:

Utvida arealbruksgrenser for å ha plass til anleggsveg nedover i terrenget mot bend 1 og for å ha betre plass til massar i terrenget. Riggområde 2 ligg på toppen av området med bratt terreng. Her kan eventuelt massar lagrast midlertidig.

4. Edellauvskog i bekkekløfter

I bekkekløfta mellom Tverrelva og Kyrkjebø er det registrert ein lokalitet med rik edellauvskog. OED legg vekt på at lokaliteten ikkje skal råkast. Dersom det ikkje kjem i konflikt med edellauvslogen er det planlagt å leggje ut overskotsmassar i øvre del av bekkekløfta.

Avbøtande tiltak: Før oppstart av anleggsarbeidet i området vil lokaliteten bli kartlagt i detalj i øvre del av bekkekløfta. Arbeidet vil bli utført av biolog. Dersom lokaliteten blir registrert nær tiltaksområdet vil det bli sett ut sperreband i terrenget.

5. Sidebratt terreng overføringsrøyr pel 700-800

Mellom pel 700-800 ligg overføringsrøyr i svært sidebratt terreng med hellingar mellom 35-40 grader.

Avbøtande tiltak: Etter bygging av veg til inntaket i Ytre Gravdalsgjelet vil røyrgatetraseen bli tilpassa slik at inngrep i bratt terreng kan reduserast til eit minimum. Det er stadvis observert fjell i dagen langs traseen noko som vil redusere skjæringsutslag mot vest (oppover i terrenget). Det er sett av eit utvida areal for å kunne lagre massar nord og sør for det sidebratte terrenget. Det er planlagt med bruk av PE-røyr i overføringen. PE-røyr er den røyrtypen som er mest fleksibel og som vil føre til minst terrenginngrep.

6. Vannhåndtering ved bygging i og nær elv:

I prosjektet inngår stor byggeaktivitet i og nær elv. Det skal byggast eit hovudinntak, to sideinntak, ein sidebekk skal kryssast med nedgreve røyr, det skal lagast utløp for overføringsrøyr i Tverrelva, kraftstasjonen skal byggast nær elva, elveløp skal renskast, elveløp skal plastrast ved kraftstasjon og det skal byggast røyrbru ved kraftstasjon.

Avbøtande tiltak: For å hindre tilslamming i elva vil ein tilstrebe å grave i elva i periodar med låg vassføring. Det vil bli laga fangdammar mellom elva og konstruksjonane.

## 2.3 Arealbruksplan

Teikning nr. 106 viser planlagt arealbruk for områda rundt kraftstasjonen, røyrgatetrase, riggområder, masseuttak, dammar, inntak, overføringsrøyr, sideinntak og vegar.

## 2.4 Anleggsdeler

I anlegget inngår kraftstasjon, veg til kraftstasjon inkludert parkering, rørgate med røyrbru ved kraftstasjonen, jordkabel i grøft til tilkoblingspunkt, hovudinntak, overføringsrøyr, sideinntak Ytre Gravdalsgjelet og sideinntak i sidebekk.

Det vert lagt vekt på å lage konstruksjonane praktiske og nøkterne, samtidig som det er lagt vekt på å prosjektere solide konstruksjonar som gir god tryggleik for drifta av anlegget. Det er også lagt stor vekt på terrengmessige tilpassingar for å ivareta ein mest mogeleg miljøvenleg profil på anlegget. For oversikt, sjå situasjonsplan teikning 100. I vedlegg 2 er det lagt ved bilete frå utbyggingsområdet. For synlege konstruksjonar som kraftstasjon, dam og inntak er det laga illustrasjonar som viser korleis konstruksjonane er plassert i terrenget.

Ved gravearbeid i alle område vert vekstjord halde fråskilt og brukt ved oppussing og istandsetjing av terrengoverflater.

### 2.4.1 Inntak og dam i Tverrelva

Plassering er vist på situasjonsplan teikning 100 og 101-1, detalj- og perspektivteikningar er vist på teikning nummer 120-126. Dammen er klassifisert i brotkonsekvensklasse 0, jamfør vedtak av NVE i brev datert 16.12.2022. Dammen er planlagt som ein platedam støypt på fjell. Inntaket vil vera eit tradisjonelt inntak med grovrist mot inntaksbassenget og finrist i våtkammeret. I tørrkammer vil det vera innløpsrøyr, stengeventil, lufterøyr, røyr for fylling av røyrkata og arrangement for slepp av minstevassføring.

Fylgjande data gjeld for dam og inntak:

Hovuddata for planlagd dam:

- Dammen har overløp på kote +250,00.
- 12 meter lang platedam, breidde 0,4 m.
- Høgde på dammen blir om lag 1 meter (varierer etter nivå for fjell).
- Oppdemt areal er om lag 100 m<sup>2</sup>.
- Dimensjonerande flaumnivå kote +251,50 .

Hovuddata for planlagd inntak:

- Inntak er plassert nordvest for dam
- I langveggen på våtkammeret vil det vera grovrist med brutto lysåpning på 1,5 m<sup>2</sup> mot inntaksbassenget. Inne i våtkammeret vil det stå ei skråstilt finrist med helling 20 grader. Finrista vil stå i ein utsparing med lysåpning 2,5 m<sup>2</sup>, og den vil ha lysåpning mellom stavane på 30 mm.
- Inntakskonstruksjon får utvendige mål:
  - Lengde = 8,85 m
  - Breidde = 3,05 m
  - Høgde = 4,6 m frå underkant betong til flaumnivå. Lukehus blir plassert på toppen av inntaket i flaumsikkert nivå.
- Lufting av røyrkata skjer via lufterøyr, DN350 mm.
- Stenging av vassveg skjer ved stengeventil i tørrkammer.
- Fylling av røyr skjer via DN100 mm røyr frå røyr for minstevassføring til lufterøyrret.

- Betongkonstruksjonen blir utført med vasstette støypeskøyter, og utsparing i golv for moglegheit for utpumping av kondens- og lekkasjevatn.
- Lukehus 3,05x4,35m i bindingsverk med plass til nødvendig elektronikk og hydraulikkaggregat.

Dimensjonerande flaumvassføring  $Q_{dim}=Q_{200} + 20\%=27,6\text{m}^3/\text{s}$  vil gje ei flaumstigning på 1,5 meter over overløp dam. Vassnivået vil ved ein 200-årsflaum + 20% klimapåslag vere +251,50 moh.

Signal og straum mellom kraftstasjon og inntak vert overført med kablar lagd i trekkerøyr i grøfta for trykkrøyr.

#### 2.4.2 Sideinntak Ytre Gravdalsgjelet

Plassering er vist på situasjonsplan teikning 100 og 101-2, detalj- og perspektivteikningar er vist på teikning nummer 130-136. Dammen er klassifisert i brotkonsekvensklasse 0, jamfør vedtak av NVE i brev datert 16.12.2022. Dammen er planlagt som ein platedam med overløpskammer som del av dammen (Tyrolerinntak). Dammen er planlagt støypt på fjell. Frå Tyrolerkanalen går vatnet til våtkammer og vidare til innløpsrøyr i tørrkammer. I tørrkammer blir innløpsrøyr kobla mot røyrkata av PE. Her ligg også arrangement for minstevassføring.

Hovuddata for planlagd dam og inntak:

- Dammen har overløp på kote +285,00.
- 7 meter lang platedam med Tyroleroverløp.
- Tyrolerrister med areal 1,1x2,0 meter
- Høgde på dammen blir 1-2 meter (varierer etter nivå for fjell).
- Oppdemt areal blir om lag 100 m<sup>2</sup>.
- Dimensjonerande flaumnivå kote +286,50 .

Hovuddata for planlagd inntak:

- Inntak er plassert på vestsida av elva
- Inntakskonstruksjon får utvendige mål:
  - Lengde = 4,05 m
  - Breidde = 2,50 m
  - Høgde = 4,35 m frå underkant betong til flaumnivå. Lukehus blir plassert på toppen av inntaket i flaumsikkert nivå.
- Stenging av vassveg skjer ved bjelkestengsel i våtkammer.
- Fylling av røyr skjer via DN100 mm røyr innstøypt i vegg mellom inntaksbasseng og våtkammer.
- Betongkonstruksjonen blir utført med vasstette støypeskøyter, og utsparing i golv for moglegheit for utpumping av kondens- og lekkasjevatn.
- Lukehus 2,55x2,50 m i bindingsverk med plass til nødvendig elektronikk.

Dimensjonerande flaumvassføring  $Q_{dim}=Q_{200} + 20\%=19,4\text{m}^3/\text{s}$  vil gje ei flaumstigning på 1,5 meter over overløp dam. Vassnivået vil ved ein 200-årsflaum + 20% klimapåslag vere +251,50 moh.

Det vil bli lagt signal- og straumkabel mellom hovudinntak og sideinntak. Kablane vil krysse elva i trekkerøyr i dammen i Tverrelva. Herifrå vil det bli greve grøft opp til grøftetraseen til overføringsrøyr og vidare i felles grøft med overføringsrøyr.

#### 2.4.3 Sideinntak sidebekk

Plassering er vist på situasjonsplan teikning 100 og 101-3, detalj- og perspektivteikningar er vist på teikning nummer 140-146. Dammen er klassifisert i brotkonsekvensklasse 0, jamfør vedtak av NVE i brev datert 16.12.2022. Dammen er planlagt som ein platedam med overløpskammer som del av dammen (Tyrolerinntak). Dammen er planlagt støypt på fjell. Frå Tyrolerkanalen går vatnet til våtkammer med innløpsrør mot overføringsrør i PE i nedstraums vegg. Det skal ikkje sleppast minstevassføring i sidebekken.

Hovuddata for planlagd dam og inntak:

- Dammen har overløp på kote +285,00.
- 8 meter lang platedam med Tyroleroverløp.
- Tyrolerrister med areal 1,1x1,0 meter
- Høgde på dammen blir om lag under 1-2 meter (varierer etter nivå for fjell).
- Oppdemt areal er om lag 50 m<sup>2</sup>.
- Dimensjonerande flaumnivå kote +286,00.

#### 2.4.4 Vassveg

Total lengde på trykkrøret er 1055 meter. I tillegg skal det leggjast overføringsrør frå Ytre Gravdalsgjelet med lengde 888 m og frå sidebekk med lengde 53 meter. Trase for rørgata og overføringsrør er vist på situasjonsplan, teikning 100, vertikalprofilar på teikning 110, 111 og 112 og grøfteprofil på teikning 115. Trykkrøret er klassifisert i brotkonsekvensklasse 2, jamfør vedtak av NVE i brev datert 16.12.2022.

Følgjande data gjeld for vassvegen:

Rørgate frå kraftstasjon til inntak Tverrelva:

Frå kraftstasjonen kryssar vassvegen elva med ei røyrbru. Ved oppstraums ende av røyrbrua ligg bend 1. Mellom bend 1 og bend 2 ligg rørgata med 28 graders helling. Her vil det bli lagt strekkfaste duktile støypejernsrør. Bend 2 vil ta opp krefter frå avvinkling i bendet og frå strekkfast del av rørgata. Det vil bli lagt duktile støypejernsrør opp til kote 115,0. Herifrå og opp til inntaket vil det bli lagt GRP-rør i trykklassane PN 16, PN 10 og PN 6. Det er planlagt å bruke DN 700 omfylte rør. Det vil bli lagt drenerør i grøfta, desse vert ført ut til terreng i område med terrengsynk.

Overføringsrør:

Frå inntaket i Ytre Gravdalsgjelet vil det bli lagt DN500 mm PE-rør for overføring av vatn til Tverrelva. Overføringsrøret vil bli lagt med eit lavbrekk ved kryssing av ein sidebekk. I lavbrekket ved pel 556 vil det bli etablert moglegheit for tapping av overføringsrøret. Ved uttapping vil vatnet bli ført til sidebekken. Overføringsrøret har høgbrekk ved pel 478. Herifrå er det fall til utløpet i Tverrelva på kote +256,0.

Vatn skal også overførast frå sidebekken til Tverrelva. Frå inntaket i sidebekken blir det lagt eit DN250 mm overføringsrør som blir kobla mot overføringsrøret frå Ytre Gravdalsgjelet med ein Y-avgreining.

#### 2.4.5 Vassuttak

Det er planlagt maksimalt vassuttak på 1,0 m<sup>3</sup>/s. Val av turbinløyning er basert på dette. Det er planlagt ein stk. Peltonturbin. Minimal slukeevne er 70 l/s. Kraftverket kan dermed operere på alle driftsvassføringar frå 0,07 m<sup>3</sup>/s til 1,0 m<sup>3</sup>/s.

#### 2.4.6 Minstevassføring:

Krav gitt i konsesjon er slepp av minstevassføring på 50 l/s i tida 1.5-30.9, og 40 l/s resten av året. Minstevassføringa skal fordelast likt mellom Ytre Gravdalsgjelet og Tverrelva.

I inntaka i Tverrelva og Ytre Gravdalsgjelet vert det montert arrangement for slepp av minstevassføring, [sjå teikning 120-121 og 130-131](#). Vassføring blir målt av vannmålar som er kobla til røyr i kvart av inntaka.

Ved inntaket blir det montert informasjonsskilt som viser krava til minstevassføring og display som syner aktuell verdi. Aktuell verdi blir loggført og lagra i styresystemet til kraftverket.

Under vedlegg 5.5 ligg utrekning av kapasiteten for røyr for minstevassføring i Ytre Gravdalsgjelet og Tverrelva.

#### 2.4.7 Kraftstasjon og øvrig bygningsmasse

Teikning 102 viser situasjonsplan for kraftstasjonsområdet og teikningane 150-155 viser plan, snitt og 3D perspektiv. Kraftstasjonen vert plassert med terskel i utløpskanal på kote + 2,5 moh. Utløpet renn ut i elva oppstraums området der elva deler seg i to løp. Kraftstasjonen er planlagt med brutto areal 106 m<sup>2</sup>. Det blir parkering og snuplass på aust og sørsida av kraftstasjonen. For å sikre kraftstasjonen mot flaumar vil elveløpet ovanfor (sør for) kraftstasjonen bli renska og elvekanten vil bli plastra, [sjå teikning 102 og 116-4](#).

Kraftstasjonen er planlagt med med tette støypeskøytar opp til over 200-års flaum for å hindre vatn inn i maskinsalen. Den vil ha ein Peltonturbin med installert effekt på 2,1 MW.

Spesifikasjonar for kraftstasjonen:

- Utført i plasstøyp betong opp til OK golv og bindingsverk i veggkonstruksjon over stasjonsgolv.
- Port i maskinsal mot nordaust for inntransport av utstyr
- I ventilgrop blir det sluk for å bli kvitt kondensvatn og evt. lekkasjevatn i ein flaumsituasjon
- Generatoren er luftkjølt. Varmluft vil bli leda ut vi kanal over generatoren. Kraftstasjonen vil også ha rist for luftinntak i veggen og vifte for avtrekk for å bli kvitt restvarmen.
